

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 08.06.2018
SAKSHANDSAMAR: Hanne Klausen
SAKA GJELD: **Prehospital plan**

STYRESAK: **70/18 O**

STYREMØTE: 20.06.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar utkastet til prehospital plan for Helse Bergen HF til orientering.

Oppsummering

Prehospitale tenester skal inngå i arbeidet med utviklingsplanar i helseføretaka.

Planarbeidet har skjedd i perioden november 2017 til april 2018. Det har vore seks møte i prosjektgruppa og 4 møte i styringsgruppa. Representantane frå kommunane har vore gode bidragsytarar, men det har vore utfordrande for dei å halde alle kommunane oppdatert på og involvert i arbeidet med planen.

Det har over mange år vore arbeidd med å auke kvaliteten og optimalisere ressursbruken i dei prehospitale tenestene i Helse Bergen. Helse Bergen har auka kompetansen både i AMK og på ambulansane og fyller dagens kompetansekrav i «Akuttmedisinfor skrifter». Endring i ambulansstrukturen over tid har vore nødvendig, og dannar no eit godt grunnlag for å vurdere behova fram mot 2035.

For innbyggjarane er det viktig å vere trygg på at dei får rask og kompetent hjelp når dei treng det.

Ei utfordring er at det er to forvaltningsnivå (kommune og helseføretak) som utgjer dei prehospitale tenestene. Befolkninga må kunne forvente eit godt samarbeid mellom nivåa for å sikre ei best mogleg helseteneste for pasientane.

Det har i arbeidet med prehospital plan vore greidd ut tre alternative vegval:

- Alternativ 0: AMK og ambulansetenesta som i dag
- Alternativ 1: Ei prehospital teneste som fyllar rettleiande responstid
- Alternativ 2: Ein moderat auke av dagens kapasitet

I planen blir Alternativ 2 tilrådd. Ved ei optimalisering av plasseringa av ambulansestasjonar og ei moderat auke av ambulanskapasiteten, vil ein vere nær ei oppfylling av måla for responstid. I tillegg må kapasiteten aukast i tråd med befolkningsutviklinga.

Fakta

I Helse Bergen har arbeidet med prehospital plan vore organisert som eit eige prosjekt. Arbeidet har følgd rettleiaren for utarbeiding av utviklingsplan og brukt same framskriving av befolkningsvekst.

Det har vore ei prosjektgruppe samansett av representantar frå føretaket, tillitsvalt, verneombod og ein kommunal representant frå kvart av dei fire UFAB`ane. Styringsgruppa har bestått av føretaksleiarar, Haraldsplass Diakonale Sykehus og ein kommunalrepresentant frå kvart av de fire Samarbeidsutvala.

Medlemmene i prosjektgruppa har også deltatt i to møte arrangert i samband med utviklingsplanen.

Planen vart sendt på høyring til kommunane og andre samarbeidspartar 27.april 2018.

Prehospital plan vil bli ferdigstilt etter at alle høringsfråsegnene er komne inn. Høringsfristen er utvida til 10. august for kommunane. Vi vil komme tilbake til styret med orientering om høringsvara i augustmøtet, og ber om endeleg behandling av planen i møtet 27. september 2018 – sjå tidsplan neste side.

Vedlegg

Prehospital plan v. 0.9

Responstider per kommune

Detaljert tidsplan sluttbehandling UP35, inkludert prehospital plan

